

Protokoll styremøte Valdresmusea AS

2020:3

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Fredag 21. februar kl. 14.30–15.00

Til stades: Jan Arild Berg, Frode Rolandsgard, Gunhild Vegstein Leite og Kristin Gulbrandsen.

Fråfall: Brita Brenna, Jørand Ødegård Lunde og Odd Arne Klemmetsrud.

Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

Sak 7/2020 Revidert årsrekneskap og styreårsmelding

Stad: Valdres Folkemuseum.

Tidspunkt: Måndag 9. februar kl. 14.30–15.30.

Sak 3/2020 Rehabilitering av tak

I samband med bygginga av dei nye utstillingane på Valdres Folkemuseum vart det 17. februar observert lekkasje frå tak på austre og vestre side av det gamle administrasjonsbygget.

Styret for Valdres Folkemuseum vart underretta om situasjonen fredag same veke, og bestemte at det vidare arbeidet med utstillingane skulle settast på vent. Tilsette og samarbeidspartar vart orientert om situasjonen. Det same vart forsikringsselskapet, som stadfesta at forsikringa ikkje ville dekke skadane.

Styreleiar kontakta same veke alle ordførarane og gav dei ein munnleg orientering om situasjonen. Valdres Folkemuseum vart samstundes invitert til å halde ei orientering i regionstyret onsdag 4. mars. I møte presenterte styreleiaren omfanget av skaden og dei tiltaka som er anbefalt av Takst Innlandet. Ein fekk forståing for situasjonen, og støtte til at eit tiltak måtte gjennomførast i inneverande år.

Styret vurderer situasjonen som kritisk – også fordi skaden raskt vil kunne utvikle seg og slik redusere levetida på huset ytterlegare. Dette går òg fram av rapporten frå Takst Innlandet som konkluderer med at det må gjerast umiddelbare tiltak. Sjå rapport vedlagt.

I rapporten er kostnadar for gjennomføring av tiltak anslått til 3,4 mill. kr eks. mva. Desse omfattar reparasjon av skader, nytt luftesjikt i tak og veggjar, nytt takdekke og ny ytterkledning. Tiltak som vil forlenge levetida til huset ytterlegare, og som vil vere av branns- og sikringsmessig karakter, omfattar etterisolering i veggjar og tak, nye glas, dør, og kledning på gavlveggjar. Ein vil tilrå at ein gjennomfører også dei forbeholdne tiltaka.

Styret for Valdres Folkemuseum AS har drøfta fleire alternativ til finansiering av eit tiltak. Styret vil tilrå eigarkommunane om å yte eit økonomisk tilskott, då selskapet sjølv ikkje har tilstrekkeleg kapital til å bere kostandane. Styret tilrår ei fordeling basert på eigarsits. Denne er som følgjer: Vang kommune (9,93 %), Vestre Slidre kommune (12,53 %), Øystre Slidre kommune (17,03 %), Nord-Aurdal kommune (35,92 %), Etnedal kommune (7,77 %) og Sør-Aurdal kommune (17,82 %).

Forslag til vedtak: Styret sender søknad til dei seks Valdres-kommunane, og ber om økonomisk støtte til rehabilitering av administrasjonsbygget på Valdres Folkemuseum. Søkebeløp er inntil 3,4 mill. kr.

Ein søker òg Kulturdepartementet om støtte til tiltaket. Dersom ein får slik støtte, vil dette gå til fråtrekk frå den søkjesummen som går til kommunane.